



Tingvoll, 15.7.2024

Kommunal- og distriktsdepartementet  
v/Sula kommune  
[post@sula.kommune.no](mailto:post@sula.kommune.no)

## INNSPEL/KLAGE – OMRÅDEPLAN FOR SULAFJELLET – SLUTTHANDSAMING I KOMMUNEN

Naturvernforbundet ved vårt lokallag i Ålesund og omegn har uttalt seg til denne saka ved fleire høve. Vi vil vise til dette.



Når vi no tar opp saka på nytt er det for å kome med tilleggsopplysningar vi meiner har noko å seie for saka. Naturvernforbundet har den 13.7.2024 vore i området med myr og kystlynghei søraust for Gamlestølen. På vegen dit har vi også gått ein del av Vonløypa. Vi gjorde ein del funn vi meiner har interesse for saka.

Det er følgjande tema:

Førekomst av nær truga art heistorr  
Antatt førekomst av torvgjerde  
Uttak av torv  
Bartreartar i området  
Veg mellom Gamlestølen og midtstasjon  
Kompenserande tiltak

### Heistorr (NT)

Under til venstre er det eit utsnitt frå Naturbase 14.7.2024. På kartet finst ein brun kross som markerar eit tidlegare funn av heistorr (NT). Heistorr er nemnt i samband med myr/kystlynghei i saka, men ikkje plassert på kart. I løpet av synfaringa blei det registrert 16 funn av denne arten, til høgre.



Ein må merke seg at alle funna blei gjort anten i myra/kystlyngheia, eller i vegkanten ca. ein halvmeter frå der det blir køyrt. Ved utviding av vegen med ein meter vil samtlege av vegkantlokalitetane gå tapt. Hogst av skogteig med uttransport over kystlyngheia/myra nedanfor vil lett gjere skade på førekomstane der.

Attgroing i kystlyngheia er oppgjeve som grunn for at arten er truga. I ein vegkant vil denne arten ha halve sirkelen utan attgroing. Det gjer moglegvis ein «urørt» vegkant godt eigna for overleving for denne arten. Ein ny vegkant har truleg ikkje same føresetnaden då det kan vere at heistorr i nærleiken er skugga ut i mellomtida.

I Sula kommune viser artskart frå før 5 funn av heistorr. Det siste funnet er frå 2009 og gjeld lokaliteten på kartet over.

At det 13.7.2024 blei gjort såpass mange funn av denne arten, skuldast at tidspunktet var heldig samtidig med at det blei sett etter arten. Det må også nemnast at det er fleire lokalitetar av heistorr, då registreringane blei gjort for å dokumentere førekomst langs vegen og ikkje den totale førekomsten.

Ein må samtidig undre seg over at førekomstane av heistorr ikkje er registrert i større grad i denne saka tidlegare. Kva meir er det som er oversett, t.d. i vegtraseen til midtstasjonen?

#### **Antatt førekomst av torvgjerde/Uttak av torv**

Søraust for Gamlestølen, i området der det er tale om veg til midtstasjonen er det kartlagd kystlynghei. Det kan godt hende det er korrekt.

Samtidig ser vi at ein god del av arealet har til dels tjukke lag med torv. Det er mange spor etter uttak av torv. Enkelte område har vegetasjon, som rome, som tyder på jordvassmyr, særleg der uttaka av torv har vore omfattande. Ute på dette området fann vi også ein struktur som helst truleg må vere eit gjerde av torvblokkar. Struktura var bein, kring ein meter høg og kring ein meter brei. Struktura var fleire titals meter lang med berre eit par opningar. Struktura var omtrent vinkelrett på bergveggen ovanfor.



#### **Bartreartar i området**

Mellom Vasskummen og Bukkene Bruse, langs den brattaste stien, er det ei blanding av furuarter. Det er ein god del norsk furu, som kjenneteiknast med raudleg bork i toppen. Vidare er det ganske mykje alpebergfuru. Ei kongle som hadde karakter av fransk bergfuru blei observert, men ikkje registrert. Heilt oppe ved Vonløypa står det fleire tre av vrifuru.

På arealet søraust for Gamlestølen såg vi spesielt på granartane. Vi bestemte fleire frøspredde graner til gran, lutzgran og kvitgran. Ein del individ let seg ikkje sikkert bestemme. Om desse representerer ein artsvariasjon, eller om det kan vere hybridar ein ikkje kjenner til, det veit vi ikkje. Vi har heller

ikkje sett mor-tre som kan gje ei rimeleg forklaring for kortdistansespreiing. Ein må ta høgde for at det kan vere tale om langdistansespreiing i dette området.

Det er ingen artar eller hybridar av gran som naturleg førekjem i området. Ein kan difor, uavhengig av art, rekne alt som framand på staden. Dei spreier seg nok alle saman, men det kan variere kor godt dette er dokumentert. Spreiing til naturen i området er difor uheldig i alle fall. Forvaltingsmessig skal dei fjernast. Både grunneigarar og t.d. kommune/statsforvaltar har ansvar for dette, jf. mellom anna Naturavtala, mål nr. 6.

### **Veg mellom Gamlestølen og midtstasjon**

Vegtraseen er eigna til å endre vassshusholdinga i myra/kystlyngheia på nedsida av vegen. Traseen vil kome nær førekomst av heistorr. Arealet som er kartlagd som kystlyngheie er ueigna både for mellombels veg og meir permanent veg, då innslaget av torv er stort.

### **Kompenserande tiltak**

Inngrep som er tvingande nødvendige og som går ut over matjord eller t.d. myr må kompenseras i form av at tidlegare inngrep blir restaurert og levert tilbake. Ingen restaurering er så god at dette blir like godt som det som var urørt, så det må overkompenseras for å kunne gjere opp for det som går tapt. Ein kan heller ikkje kompensere med restaureringar som nokon har ansvar for å rydde opp i, eller som likevel vil bli gjennomført. Kompensasjonsordninga er ikkje der for at ein skal få gjere nye inngrep, men for at ein kan minimere verknaden av nødvendige inngrep.

I denne saka er det tale om inngrep som følgje av eit heilt unødvendig prosjekt.

Ein granskogteig som er foreslått hogd som kompenseras tiltak har nådd omtrent hogstmoden alder. Denne er det eigar sitt ansvar å hogge i alle fall, anten ein ser på dette som berekraftig skogbruk eller det gjeld ansvar for ikkje å spreie framande artar.

Røyr lagt under vegen ved passering av myr ved Gamlestølen har vegeigar ansvar for. Det er forbode å leie bort vatn utan godkjenning. Nødvendige røyr skal sjølvstøtt kome på plass, men det er ikkje ein kompensasjon for nye inngrep.

### **Konklusjon**

Det er påvist ei mangelfull kartlegging knytt til ein heilt sentral del av vegløyninga. Mykje av det som er nemnt om kompenseras verknad kan vere på feil grunnlag. Ordninga skal ikkje brukast for å reparere unødvendig øydelegging av natur. Ein del av det som er omtala som kompensasjon dreier seg om tiltak som må gjerast i alle fall, uavhengig av gondolen. Sakshandsaminga har vesentlege manglar som gjer det umogleg å vedta planen.

Med helsing

Øystein Folden  
Fylkessekretær

Kopi:  
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal